



Arkivnr: 2014/19360-4

Saksbehandlar: Bente Utne

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.11.2014

### Fv 550 Kråkevik – Syreflot – ferdigstilling av planarbeid

#### Samandrag

Protokoll frå fylkestinget 15.10.14: *Jostein Ljones sette på vegner av Sp og A fram slikt oversendingsforslag til fylkesutvalet: "Desse representantane ber fylkesutvalet løyva midlar til oppstart av kulturminnesøk på Fv 550 Kråkevik-Syreflot slik at planarbeidet kan ferdigstillast." Ljones sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.*

I fylkestinget vart det også stilt spørsmål til RS 22/14 og 23/14, om kostnader ved det arkeologiske arbeidet og kven som var forslagsstillar til planen.

Statens vegvesen som forslagsstillar, har halde fram med reguleringsplanarbeidet som starta opp i 2007 då vegen var riksveg. Vidare arbeid vil medføra kostnader for arkeologisk feltarbeid, og ved godkjent plan kan det koma krav om innløyning av eigedom.

Den anbefalte løysinga i reguleringsplanen er kostnadsrekna til omlag 300 millionar 2014-kroner. Det er ikkje realistisk å bruka så store beløp på det øvrige fylkesvegnettet, korkje som rassikringsmidlar eller som fylkeskommunale løyvingar. Fylkesrådmannen står derfor fast ved avgjerda i brevet frå Statens vegvesen av 18.07.14 om at reguleringsplanarbeidet med foreslått løysing ikkje vert fullført.

Fylkesrådmannen har forståing for behovet om utbetringar av partiet som ei svært dårleg, rasfarleg og trafikkfarleg delstrekning. Ut frå anbefalingane i TS-inspeksjonen vil fylkesrådmannen rå til at det i samråd med Ullensvang herad vert prioritert nødvendige mindre utbetringar på strekninga Kråkevik – Syreflot. Mindre utbetringar kan gjennomførast utan reguleringsplan

#### Forslag til vedtak:

1. Fylkesutvalet går inn for at reguleringsplanarbeidet i regi av Statens vegvesen med foreslått løysing ikkje vert fullført. Det vert dermed ikkje gjennomført arkeologiske utgravingar på Fv 550 Kråkevik – Syreflot.
2. Det vert vurdert mindre utbetringar av delstrekninga i samråd med Ullensvang herad.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 24.10.2014 / 4.11.2014:**

## **Bakgrunn:**

Protokoll frå fylkestinget 15.10.14: *Jostein Ljones sette på vegner av Sp og A fram slikt oversendingsforslag til fylkesutvalet: "Desse representantane ber fylkesutvalet løyva midlar til oppstart av kulturminnesøk på Fv 550 Kråkevik-Syreflot slik at planarbeidet kan ferdigstillast." Ljones sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.*

I fylkestinget vart det også stilt spørsmål til RS 22/14 og 23/14, om kostnader ved det arkeologiske arbeidet og kven som var forslagsstillar til reguleringsplanen.

### **Reguleringsplanarbeidet:**

Statens vegvesen som forslagsstillar, starta reguleringsplanarbeid på dåverande Rv 550 for strekninga Kråkevik – Syreflot i 2007. Arbeidet var ikkje fullført då vegen vart fylkesveg i 2010. Statens vegvesen har no gjort reguleringsplansarbeidet ferdig, men det står att arkeologisk feltarbeid før planen kan oversendast Ullensvang herad til vidare handsaming.

Ettersom Kråkevik – Syreflot er eit attståande parti etter oppgradering av riksveg 550 Odda – Utne for fleire tiår sidan, har det lenge vore forventningar om utbetringar av denne delstrekninga, som har ein vesentleg dårlegare standard enn resten av strekninga.

### **Arkeologisk feltarbeid:**

Kulturavdelinga i Hordaland fylkeskommune har gitt tilbod på arkeologisk feltarbeid den 7.11.2013 på kr 99.900. I tillegg kjem kostnader til gravemaskin. Om reguleringsplanen blir godkjent av Ullensvang herad, kan grunneigarar i tiltakszona krevja utløyning av eigedom. Samstundes kan det bli skapt forventningar om realisering, som ikkje er realistiske i overskueleg framtid.

### **Reguleringsplanarbeidet:**

I arbeidet med reguleringsplanen har Statens vegvesen vurdert tre ulike alternativ:

#### **Alternativ 1**

Alternativet er opprusting av dagens veg, med eit kostnadsestimat på omlag 232 millionar 2011-kr. Det er stor usikkerheit knytt til overslaget sidan det er kompliserte byggetekniske tilhøve ved alternativet.


#### **Alternativ 2**

Alternativet omfattar dels opprusting av dagens veg og ein tunell på omlag 1 km. Totalkostnad for dette alternativet er om lag 241 millionar 2011-kroner. Det er mindre usikkerheit i dette kostnadsoverslaget enn alternativ 1.

#### **Alternativ 3 (anbefalt løysing)**

Dette alternativet omfattar også dels opprusting av dagens veg og ein lengre tunell på ca 1,5 km. Totalkostnad for dette alternativet er omlag 235 millionar 2011-kroner. Dette alternativet har vesentleg mindre usikkerheit i overslaget i høve til alternativ 1, sidan ein også her unngår veg i dagen på det mest byggeteknisk utfordrande partiet på strekninga.

Anbefalt løysing utgjer med ny momssats og prisstigning i underkant av **300 millionar 2014-kr.**



**Rassikringsmidlar:**

Strekninga er også eit rassikringsprosjekt, vurdert av Statens vegvesen som eit høgt prioritert tiltak (nr 30 på prioriteringslista av 18.04.12). Fv 550 har ein viktig beredskapsfunksjon, men vegen er ein del av det øvrige fylkesvegnettet. Tiltak i dette kostnadssjiktet vil dermed ikkje vera realistisk for gjennomføring i overskueleg framtid.

**Vurdering av delstrekninga ved Statens vegvesen:**

Vegvesenet har i september 2014 gjennomført ein TS-inspeksjon (trafikksikringsinspeksjon). Ut frå denne, før endeleg rapport er skriven, anslår vegvesenet eit behov på 5 til 10 mill kr for nødvendige utbetringar av parsellen. For 2015 er det frå Statens vegvesen foreslått 1,5 mill kr som eit trafikksikringstiltak i utkast til plan- og byggeprogram. Ytterlegare utbetring kan gå inn i plan- og byggeprogrammet dei komande åra.

Statens vegvesen meiner mindre utbetringar på eksisterande trase kan gjerast utan ny reguleringsplan.

**Fylkesrådmannens vurdering:**

Den anbefalte løysinga i reguleringsplanen er kostnadsrekna til omlag 300 millionar 2014-kroner. Det er i overskueleg framtid ikkje realistisk å bruka så store beløp på det øvrige fylkesvegnettet, korkje som rassikringsmidlar eller som fylkeskommunale løyvingar. Fylkesrådmannen meiner at godkjenning av reguleringsplanen medfører kostnader ein ikkje får noko igjen for. Fylkesrådmannen står derfor fast ved avgjerda i brevet frå Statens vegvesen av 18.07.14, om at reguleringsplanarbeidet med foreslått løysing ikkje vert fullført.

Fylkesrådmannen har forståing for behovet om utbetringar av partiet som ei svært dårleg, rasfarleg og trafikkfarleg delstrekning. Ut frå anbefalingane i TS-inspeksjonen vil fylkesrådmannen rå til at det i samråd med Ullensvang herad vert prioritert nødvendige mindre utbetringar på strekninga Kråkevik – Syreflot. Mindre utbetringar kan gjennomførast utan reguleringsplan.